


Ekstra nyheitsvarsel om rognebærmøll

Rognebærmøll kan enkelte år gjere stor skade i eple, ved at larvene lagar gangar i epla noko som gjer frukta ubrukeleg som klasse 1 vare og dermed fører til auka utsortering. Utsorterte eple kan dog likevel gå til press, men det gir jo ikkje så god økonomi for dyrkaren. Det er difor viktig å setje inn tiltak mot denne skadegjeraren i år med forventa angrep. Ut i frå erfaring så veit ofte dyrkar kva hagar det plar vere angrep. Hagar tett på skog er ofte meir utsett enn meir frittliggande hagar. Ein må difor relatera til eigen hage og få erfaring.

Særskilt i år med lite blomster på rogn, så flyr Rognebærmøllen inn i eplehagane i staden for og legge egg der. I Plantevernleksikonet (<https://www.plantevernleksikonet.no/l/oppslag/276/>) kan du finne meir info om korleis Rognebærmøllen og angrep ser ut.



Fordi potensialet for skade kan bli så stor, er det utarbeida ei eiga varslingssteneste der ein kan sjå fare for angrep. Den finn du på: <https://www.vips-landbruk.no/applefruitmoth/>




Ut i frå kartet ser ein at det er forventa angrep i mange fruktdistrikt i år.

(Raudt = fare, gult = mulig fare, grønt = ingen fare, kvitt = ingen varsel berekna)

For å avgjera når ein kan forvente slike herjingsår har NLR og ulike landbrukskontor regionvise prognosestasjonar, der det årvisst blir talt opp blomsterklasar/bærklasar på faste greiner/tre og også sendt inn bærprøvar til NIBIO som sjekkar larver i bæra. På den måten kan ein få utarbeida ein prognose for evt. angrep påfølgande sesong.

Varslingssystem

- Basert på 20 referansetre
- Teller bærklasar på høsten
- Teller blomster på våren
- Sender inn bærprøve for sjekk av antall larver og parasittering
- Gir et grovt bilde av forholdene for rognebærmøll og sjansen for at de går på eple.



Ut i frå blomstringsdato (full blom; sjå definisjon under) på dei enkelte lokalitetar, kan ein ut i frå døgngader avgjere når eit forventa angrep evt. vil bli.


Blomstring rogn

25.Mai – full blomstring rogn

Full blomstring er definert som: 50% av blomstene i klasen er åpne, på 50% av treet.

Riktig sprøytetidspunkt ved rognebærmøllangrep

I de fleste år vil det beste sprøytetidspunktet være i månedsskiftet juni/juli. Ved uvanlige middeltemperaturer kan tidspunktet beregnes med utgangspunkt i full blomst hos rogn.



Modellen for å rekna ut døgngader finn ein på: <http://gamlevips.nibio.no/weather/we707s.jsp>

Under er vist døme for Svelvik i 2020 med blomstring 26/5 og utrekna 411 døgngader til 18/6.

Bruk basistemperatur 0 grader.

of 10

— + ↻ 🗨 Draw ▾ ✎ Erase 🖨 📄

vips Varsling Innen PlanteSkadegjørere **NIBIO** Norsk Landbruksrådgiving **LOGG INN**

Varmesum og nedber
Værdato
Eplevikler
Storknolla råtesopp i
oljevekster

Beregn varmesum og nedbørmengde

Beregn varmesum og nedbørmengde

Klimastasjon Fra og med dato (dd.mm.åååå)

Basistemperatur °C Til og med dato (dd.mm.åååå)

Resultater

Varmesum:
Varmesum, med basistemperatur 0.0, beregnet ut fra lufttemperatur i frukttrø, middelverdi for Svelvik syd klimastasjon for perioden fra og med 26.05.2020 til og med 18.06.2020 (24 dager) er : **411 graddager**

Nedbørmengde:
Total nedbør beregnet for Svelvik syd klimastasjon for perioden fra og med 26.05.2020 til og med 18.06.2020 (24 dager) er : **26 mm**

Det er i dei ulike fruktregionane også hengt ut Kairomonfeller for Rognebærmøll, dvs. gule limfeller med luktstoff som tiltrekker seg Rognebærmøll, for å få enno meir eksakt tidspunkt for innflyging i hagane. Austanfor er alt fanga over skadeterskel, men enno ikkje i vest.



Einaste tiltak me har mot Rognebærmøll i økologisk drift er sprøyting med vegetabilsk olje + såpe.

Dosering i tåkesprøyte er 3 liter olje + 0,5 liter såpe per dekar blanda i den veskemengda ein erfaringsmessig brukar per dekar, men ta då høgde for at du helst bør sprøyte fram og tilbake i same rekke for å få best mulig dekning (rekna altså dobbel veskemengd). Om du ikkje veit væskemengde så kan 2% styrke på olje vere eit utgangspunkt; dvs. 2 liter såpe i 100 liter vatn + 0,3 desiliter såpe.

For riflesprøyting: 2 liter olje + 0,35 liter såpe blanda i 100 liter vatn.

Vanlegvis blir GMO-fri raps eller soyaolje og Krystall grønsåpe brukt. **Rør olje + såpe til ein majones før du fortynnar den med litt vatn og deretter heller det i tanken på sprøyteutstyret.**

I den varmen som er no, er det stor risiko for sviskade på bladverket og for å gjera faren for skade så liten som råd må ein unngå å sprøyta i solskinn, men først etter at sola har gått ned.

Om du erfaringsmessig veit at du pleier få lite angrep sjølv i år med raudt varsel, så vurder om du treng sprøyte i det heile.

Sprøyting med olje + såpe har effekt ved at det kveler egga som er lagde før dei klekker. Best effekt av sprøyting er i forkant av ein varmeperiode, men faren for sviskade aukar også i takt med auka varme samt med konsentrasjonen av såpe/olje.

Det er tilrådd sprøyting med olje + såpe to gonger for best effekt.

1.sprøyting ved ca 400 døgngnader

2.sprøyting ved ca 500 døgngnader

Om du mottok NLR sine ordinære fruktmeldingar som NLR medlem, kan du få enno meir skreddarsydd tilråding m.o.t. døgngnader og eksakt dato for sprøyting i din region ved å bruka same datoar for rett sprøytetidspunkt i økologisk som angitt tidspunkt for sprøyting med Calypso i konvensjonell drift. **(NB! Calypso er derimot ikkje tillatt i øko!)**

Er du usikker, så ring din lokale rådgjevar i NLR 😊